



Ny kommune i indre Sunnfjord

Prosjektgruppa

Dykker referanse:

Sakshandsamar:
Øystein Høyvik
Tlf. 57612650

Vår referanse:
16/3693-28-ØH-
FE - 002

Dato:
20.11.2016

Ny kommune i Indre Sunnfjord, referat frå møte i prosjektgruppa 18.11.16

Til stades:

Atle Fasteland, Ole John Østenstad, Kirstin Bruland, Trond Ueland, Torill Anita Segtnan, Marit Solheim, Elin Enebakk, Stian Jakobsen (via telefon), Kåre Træen (via telefon); Øyvind Bang-Olsen, Rolf Sanne-Gundersen (sak 6 og 7) og Øystein Høyvik

Fråfall:

Thor Ove Farsund

Utsendt dagsorden:

1. Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 24.10.16
2. Gjennomgang og evt oppfølging av referat frå møte i styringsgruppa 28.10.16
3. Notat ang oppfølging av vedtak gjort pr 01.07.16 – status
4. Møte 23.11.16 med HTV, HVO og personalsjefar – eventuelle avklaringar
5. Involvering av kommunalsjefar, personalsjefar og evt andre sektor-/fagleiarar
6. Kommunikasjonsplan
7. Namn på ny kommune – prosess fram mot avgjerd
8. Prosjektøkonomi
9. Møteplan – behov for endringar?
10. Eventuelt

Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 24.10.16

- Godkjent

Gjennomgang og evt oppfølging av referat frå møte i styringsgruppa 28.10.16

- Referatet vart gjennomgått
- Rådmennene føl opp punkt om samordning av politisk møtekalender for 2017. Det bør vurderast å allereie no fastsette tidspunkt for felles formannskapsmøte nr 2 våren 2017

Notat ang oppfølging av vedtak gjort pr 01.07.16 – status

- Gjensidig oppdatering høve status i arbeidet
- Semje i prosjektgruppa om at det ikkje er naturleg med ytterlegare initiativ frå rådmennene eller ei samla prosjektgruppe
- Prosjektgruppa har forventning om at ordførarane innan avtalt frist 02.12.16 er kome fram til felles forståing/framlegg.

Møte 23.11.16 med HTV, HVO og personalsjefar – eventuelle avklaringar

- Alle kommunane vil stille med ordførar og rådmann (vikar for rådmann)

- Programmet drøfta og godkjent med følgjande endring
 - Kvar rådmann disponerer inntil 10 minutt for å informere i frå arbeidet i eigen kommune generelt, og spesielt om korleis ein vil arbeide i høve eigne tilsette og deira organisasjonar

Involvering av kommunalsjefar, personalsjefar og evt andre sektor-/fagleiarar

- Tek sikte på å gjennomføre møte i tråd med framdriftsplanen, dvs før jul
- Øystein Høyvik sender forslag om tidspunkt til rådmennene

Kommunikasjonsplan

- Utkast vart drøfta
- Øystein Høyvik oppdaterer utkast jfr drøfting og sender på høyring til medlemmane i prosjektgruppa
- Styringsgruppa vedtek kommunikasjonsplanen i møte 02.12.16

Namn på ny kommune – prosess fram mot avgjerd

- Drøfting gjennomført
- Øystein Høyvik utarbeider forslag til prosess som skal leggast fram for styringsgruppa i møte 02.12.16

Prosjektøkonomi

- Drøfting gjennomført
- Øystein Høyvik oppdaterer utkast til meir detaljert prosjektøkonomi, og som skal handsamast i møte i styringsgruppa 02.12.16

Møteplan – behov for endringar?

- Øystein Høyvik kjem med forslag til felles formannskapsmøte nr 2 våren 2017

Eventuelt

- Seminarrekke KMD/KS/mv
 - Prosjektgruppa rår til at prosjektorganisasjonen held fram med å delta
 - Prosjektgruppa vil rá til at det i etterkant av samlingane blir organisert lokal samling for kommunestyra mv kor utvalte tema frå seminara kan stå på dagsorden.

Med helsing

Øystein Høyvik
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og
Fjordane v/ Træen
Postmottak samarbeidande
kommunar
Styringsgruppa